

Bergen, 30.12.1985
OM/VJ

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN
~~~~~

J. 189/85

FØRESEGN OM REGULERINGA AV FISKE ETTER LODDE I ISLANDSK SONE  
VINTEREN 1986.

Med heimel i §§ 1, 2 og 5 i Fiskeridepartementet si føresegn  
23.12.85 om reguleringa av fiske etter lodde i islandsk sone i  
1986, har Fiskeridirektøren 27. desember 1985 fastsett:

§ 1

Kvart farty kan fiska inntil fastsett konsesjonskapasitet for  
vedkomande farty, likevel ikkje meir enn 14.000 hl.

§ 2

Fiske kan ta til fredag 3. januar 1986 kl 1200.

§ 3

Farty som skal delta må melda utsegling frå norsk hamn til  
Feitsildfiskernes Salgslag, Harstad eller Noregs Sildesalslag,  
Haugesund.

§ 4

Denne føresegna tek til å gjelda straks.

-----

Fiskeridirektøren vil gjera merksam på at islandske styremakter  
krev at fartya som deltek melder frå om inngang i islandsk sone,  
gjev opp posisjonen kvar dag kl 1200 og sender melding om fangst  
idet fartya forlet islandsk sone.

-----